



EDO hadde stor suksess på Vertshuset i sommar. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Vertshuset vaknar til liv att når det nærmar seg jul og eigar Røssland opplyser til uskedalen.no at julebordsesongen startar 20. november og sluttar 19. desember.**

**I dette tidsrommet ynskjer han velkommen til det han kallar ei juledekorert skjenkestove. Vertshuset skal også halda ope i romjula, men Røssland lovar nærmare informasjon om det.**

Vertshuset kan by på eit norsk, tradisjonelt julebord på fredagar og laurdagar i det Røssland meiner er Kvinnherads koselegaste lokaler.

Og ikkje berre det: Kuvertprisen på 595 kroner inkluderar også ein heilaften med det stadig like populære, lokale danseorkester EDO. Det hadde stor suksess på Vertshuset sist sommar og Røssland nølte ikkje med å engasjera det også for julebordsesongen.

Røssland viser til heimesida, 'som også er julepyntet med ny og stemningsfull bakgrunnsmusikk', som han uttrykker det.

Han presiserar at også privatpersonar kan bestilla julebord, men ser helst at større lag gjer det.



Frå 20. november vert det julestemning i Vertshuset. (Foto: Knut A. Myklebust)

Av Ola Matti Mathisen



Vertshuset opnar att før jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)